



Høyanger kommune  
Postboks 159  
6991 HØYANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Høyanger kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Høyanger kommunestyre har i møte 16.12.2021, sak 083/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Høyanger kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

*Som følge av inntekter frå kraftverksemd og Havbruksfondet, har Høyanger, samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet, framleis svært høge inntekter. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Men med dette som grunnlag har likevel kommunen over tid hatt svakare sentrale økonomiske nøkkeltal (netto driftsresultat, lånegjeld og fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter) enn samanliknande kommunar i Kostra og gjennomsnittet for landet.*

*Trass i innsparingstiltak for tenestene planlegg likevel kommunen med svake resultat i heile økonomiplanperioden, som fører til reduksjon i frie fond og auka lånegjeld. Statsforvaltaren er uroa for utviklinga i lånegjelda, spesielt med tanke på eit aukande rentenivå, og at kommunen ikkje legg sine egne måltal til grunn i den økonomiske styringa. Ei slik utvikling over tid vil svekke handleevna til kommunen, og kan på sikt få konsekvensar for tenestetilbodet.*



## Budsjett 2022

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på 8,7 mill. kroner, som utgjer minus 1,6 prosent av driftsinntektene. Det negative resultatet er dekt inn ved bruk av disposisjonsfond. Resultatet ligg under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) og kommunens eige måltal på 1,75 prosent av brutto inntekter. Netto driftsresultat utgjorde for 2021 minus 0,3 prosent, medan snittet for landet utgjorde 4,2 prosent. Rekneskapstal frå 2021 viser at disposisjonsfondet utgjorde 46,1 mill. kroner, noko som tilsvarar 8,1 prosent av brutto inntekter, og ligg slik sett på eit bra nivå i forhold til anbefalingar frå TBU.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 267,1 mill. kroner. Prognosen til KS etter RNB og kommuneproposisjonen 2023 og oppdaterte folketal per 01.01.2022, ligg litt høgare. Folketalet har gått ned siste året med 2,7 prosent som tilsvarar 84 personar.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 37,1 mill., konsesjonsavgifter 9,2 mill., gevinst for sal av konsesjonskraft og heimfallsinntekter om lag 36 mill. kroner og midlar frå Havbruksfondet 14,8 mill. kroner.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 57,2 mill. kroner. Dette skal finansierast med 56,2 mill. i nye lån, kompensasjon meirverdiavgift 6,58 mill. og andre inntekter 1 mill. kroner. Av lånefinansieringa gjeld 9,5 mill. kroner avgiftsfinansierte VA-anlegg. Dei største investeringane gjeld Høyanger Treningssenter og ombygging av brannstasjon.

Rekneskap for 2021 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på om lag 675,4 mill. kroner, som utgjer 119,2 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 114,9 prosent.

## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden minkar driftsinntekter med 5 mill. frå 541,5 mill. i 2022 til 536,5 mill. kroner i 2025, og driftsutgiftene skal i same perioden reduserast med 17,8 mill., frå 538,8 mill. til 520,9 mill. kroner i 2025. I desse endringane ligg netto reduksjonar i rammene for tenestoområda med til saman 19 mill. kroner. Årlege netto finansutgifter aukar med 9,3 mill. kroner, frå 35,9 mill. i 2022 til 45,3 mill. kroner i 2025.

Utifrå dette er det òg budsjettert med negativt resultat i 2023 med - 1,9 prosent av driftsinntektene, svakt positivt i 2024 med + 0,17 prosent og negativt resultat med - 1 prosent i 2025. Sum negativt resultat på 15 mill. kroner for dei tre siste åra i økonomiplanen, blir dekt med bruk av disposisjonsfond og ubunde driftsfond. I tillegg er det budsjettert med 7,1 mill. kroner som skal overførast til investering.



I heile økonomiplanperioden 2023 – 2025 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 109,2 mill. kroner, som skal finansierast med nye lån på 105,45 mill. kroner, momskompensasjon og tilskot. Av lånefinansieringa gjeld 30 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Ved utgangen av 2025 vil brutto langsiktig gjeld utgjere om lag 717,5 mill. kroner. Dette tilsvarar 133 prosent av brutto inntekter.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande overordna økonomiske styringsmål:

1. Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Dette gjennom ei løpande vurdering og tilpassing av tenesteproduksjon, sett i forhold til kommunen sine forventa inntektsrammer.
2. Kommunen har som mål å setje av minst 1,75 prosent av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av disposisjonsfond.
3. Den langsiktige gjelda utanom lån til vidare utlån, og lån til sjølvkostområdet, skal ikkje overstiga 85 % av brutto driftsinntekter.

I budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

Mål:	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Netto driftsresultat 1,75 %	- 1,6 %	- 1,9 %	0,17 %	- 1 %
Langsiktig gjeld ekskl. vidare utlån og lån til sjølvkostområde maks 85 %	100 %	104 %	104 %	103 %

### Statsforvaltaren sine vurderingar

*Som følge av inntekter frå kraftverksemd og Havbruksfondet, har Høyanger, samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet, framleis svært høge inntekter. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Men med dette som grunnlag har likevel kommunen over tid hatt svakare sentrale økonomiske nøkkeltal (netto driftsresultat, lånegjeld og fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter) enn samanliknande kommunar i Kostra og gjennomsnittet for landet.*

*Trass i innsparingstiltak for tenestene planlegg likevel kommunen med svake resultat i heile økonomiplanperioden, som fører til reduksjon i frie fond og auka lånegjeld. Statsforvaltaren er uroa for utviklinga i lånegjelda, spesielt med tanke på eit aukande rentenivå, og at kommunen ikkje legg sine egne måltal til grunn i den økonomiske styringa. Ei slik utvikling over tid vil svekkje handleevna til kommunen, og kan på sikt få konsekvensar for tenestetilbodet.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Anne Kristin K. Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*